
Oppretting av petroleumsråd i Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1 Petroleumsrådet vert oppretta med følgjande mandat:

- a) Arbeide for å styrke industriell utnytting av olje- og gassressursane i Sogn og Fjordane. Petroleumsrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan olje- og gassektoren og ha særleg fokus på:
 - Feltutbyggingar
 - Ilandføring
 - Industriell utnytting av gass på land
 - Florø som drifts- og baseby
 - Konesjonsrundar
- b) Petroleumsrådet skal representere fylket i høve kontakt med oljeselskap, styresmakter og andre.

2 Petroleumsrådet skal ha 5 medlemmer og vere samansett slik:

- Fylkesordføraren
- Ein medlem frå hovudutval for plan og næring
- Ein ordførar frå ein kommune med særleg interesse i sektoren
- To fagpersonar som har god kunnskap om næringa

Fylkesordføraren skal vere leiar for rådet. Fylkestinget vel nestleiar

3 Reglement for petroleumsrådet vert godkjent i samsvar med vedlegg 2.

4 Følgjande vert valde som medlemmer i tillegg til fylkesordføraren:

- Medlem:
- Medlem:
- Medlem:
- Medlem:

5 Som nestleiar vert vald:

Prenta vedlegg:

- 1) Kort om olje- og gassinitiativ i Sogn og Fjordane
- 2) Framlegg til reglement for petroleumsrådet

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

1. Vedtak ved skiping av ad-hoc utval 16.02.05

Permanente utval i fylkeskommunen må skipast med heimel i kommunelova § 10. Det er berre fylkestinget som kan opprette faste utval, og det er berre fylkestinget som kan velje medlemmer til utvala.

Det har ikkje vore mogleg å få saka fram for fylkestinget før 12. april 2005. Politikarane meinte at det hasta å kome i gang med arbeidet, og difor vart sak om skiping av ad-hoc utval lagt fram for hovudutval for plan og næring 16. februar (sak 7/05).

HPN fatta følgjande vedtak (vedtakstekst i kursiv):

1 Det vert oppretta eit ad hoc-utval, kalla petroleumsråd, med følgjande mandat:

a) Arbeide for å styrke industriell utnytting av olje- og gassressursane i Sogn og Fjordane. Petroleumsrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan olje- og gassektoren og ha særleg fokus på:

- Feltutbyggingar*
- Ilandføring*
- Industriell utnytting av gass på land*
- Florø som drifts- og baseby*
- Konesjonsrundar*

b) Petroleumsrådet skal representere fylket i høve kontakt med oljeselskap, styresmakter og andre.

2 Petroleumsrådet skal ha 5 medlemmer og vere samansett slik:

- Fylkesordføraren*
- Ein medlem frå hovudutval for plan og næring*
- Ein ordførar frå ein kommune med særleg interesse i sektoren*
- To fagpersonar som har god kunnskap om næringa*

Fylkesordføraren skal vere leiar for rådet. HPN vel nestleiar

3 Følgjande vert valde som medlemmer i petroleumsrådet:

- Medlem: Nils R. Sandal - fylkesordførar*
- Medlem: Kjartan Longva – Hovudutval for plan og næring*
- Medlem: Bente Frøyen Steindal – ordførar Flora kommune*
- Medlem: Harald Ynnesdal*
- Medlem: Vigdis Wiik Jacobsen*

Som nestleiar vert vald: Bente Steindal Frøyen

4 Hovudutvalet legg til grunn at det i vert utarbeidd ei eiga sak om oppretting av permanent petroleumsutval for Sogn og Fjordane. Denne saka skal ligge føre til hovudutvalet sitt møte 15.mars, og vert slutthandsama i fylkestinget 12.april.

Den vidare saksframstillinga er i all hovudsak samanfallande med saksutgreiinga i HPN-sak 7/05.

2. Oljeverksemda i Sogn og Fjordane

I sektoren utanfor Sogn og Fjordane (røft rekna til området mellom 61. og 62. breiddegrad) vert årleg 28 prosent av norsk olje produsert. Statoil produserer halvparten av sin olje i dette området. Til samanlikning har fylket berre éin prosent av sysselsettinga i næringa, mens Hordaland og Rogaland har høvesvis rundt 21 og 50 prosent.

I Sogn og Fjordane har fylket samla seg om at Florø skal vere fylket sin kandidat i høve oppgaver med forsyning og drift av olje- og gassfelt.

I høve ilandføring er biletet noko meir nyansert. Frå Askvoll og sørover har ein samla seg om Lutelandet i Fjaler kommune, mens ein frå Flora og nordover har ei meir avventande haldning. Lutelandet er også prioritert område i høve foredling av mineralressursar.

I Gulen vart Gulen og Masfjorden Utbyggingsselskap (GMU) etablert i Sløvåg for å utvikle tenester knytt til tanktrafikken til Møngstad (ventekaier, bunkers, reparasjonar, service). I Sløvåg er det elles bygd opp industri ved mottak av og handsaming (forbrenning) av farleg avfall frå offshore industrien og leveranser av knust stein til offshoreinstallasjonar (m.a. Ormen Lange og Langeled). Det blir også produsert og levert eksplosiv og anna høgteknologiutstyr til boreplattformene. Legging av utvida gassrøyr frå Kollsnes til Fensfjordområdet kan opne for spanande perspektiv i Sløvåg.

Det mest komplette driftsmiljøet Sogn og Fjordane har fått til, er forsynings- og (delar av) driftsorganisasjonen for Snorre-feltet, som vart bygd ut og driven av Saga Petroleum. I samband med at Saga vart kjøpt opp, gjekk drifta av Snorre over til Hydro (2000 – 2003) og deretter til Statoil. Situasjonen er i dag at Statoil er einerådande operatør for felt i drift i vårt nærrområde. Statoil har eit stort driftsmiljø i Bergen, og dei arbeider for å samordne drifta av Statfjord og Gullfaks med drifta av Snorre og Visund (eit tidlegare Hydro-felt som vert forsynt frå Florø). Styring av båt og helikopter er i dag i hovudsak lagt til Bergen.

3. Regimeendring og strategisk skvisposisjon

I St.meld. nr. (2003-2004) – Petroleumsmeldinga – opna regjeringa for meir fleksibilitet i konsesjonsvilkåra. Dei politiske miljøa i Sogn og Fjordane engasjerte seg sterkt, og Stortingsfleirtalet avviste auka fleksibilitet. Faren for "snikutflagging" kan likevel ikkje neglisjerast.

I dag er det krevjande å halde på den aktiviteten vi har. Særleg utfordrande er det å få til ny aktivitet, det vere seg drift av nye felt, eller ilandføring. Sogn og Fjordane manglar tunge miljø i næringa med ansvar og fullmakter og som ønskjer utvikling i fylket. I tillegg er dei politiske føringane frå sentrale styresmakter mindre framtrødande enn tidlegare. Rådande politisk ideologi nasjonalt er i dag basert på prinsippet om at maksimal avkastning til selskapa gjev maksimal avkastning til samfunnet, og dermed meir midlar å fordele til gode føremål. Det er difor ikkje ønskjeleg å påføre selskapa fordyrande element i form av distriktpolitikk m.m. Olje- og energidepartementet synest derimot å ha stor sans for oljeselskapa sine argument om å leite etter synergiar og stordriftsfordelar.

4. Ligg svaret i eit nytt petroleumsutval, og i kva form?

Det fylkeskommunale oljeutvalet eksisterte i mange år. Utvalet var eit underutval under hovudutval for næring/regional utvikling (hovudutvalet hadde noko ulik nemning undervegs). Utvalet hadde følgjande mandat (FT-sak 24/1980):

"Utvalet skal ta initiativ og vurdere nye tiltak med tilknytning til fylkeskommunen i spørsmål om oljeaktiviteten. Utvalet skal under dette arbeidet halde seg best mogeleg orientert om utviklinga i oljeindustrien og etablere vid kontaktflate med oljemiljøet."

Oljeutvalet hadde fem medlemmer med representasjon frå både politisk miljø og næring. I siste periode var både Storting, fylkeskommune og kommune representert i utvalet, mens lokalt næringsliv hadde to representantar.

Oljeutvalet vart 03.06.03 lagt ned i FT-sak 24/03. Hovudutval for plan næring overtok då funksjonane til det tidlegare oljeutvalet.

Det er no stilt spørsmål ved om vi har tilstrekkeleg fokus på petroleumsverksemda. Det har kome konkrete initiativ til fylkeskommunen, eitt frå Flora kommune og eitt frå næringslivet. Spørsmålet vert aktualisert ved at vi står framfor ein periode med viktige initiativ i næringa som:

- Plan for utbygging og drift av det kystnære Gjøa-feltet (utanfor Askvoll/Fjaler) vert truleg levert i løpet av året.
- Planar for Statfjord har nyleg vore på høyring. Dette er eit omfattande modifikasjonsoppdrag i "vår sektor".
- Shell skal gjennomføre eit prøveprosjekt for forsyning av felt på britisk sektor (nær Statfjord) frå Noreg. Prøveprosjektet gjeld Bergen, men ut frå geografiske og praktiske omsyn bør Florø kunne kjempe om oppdrag i ei eventuell vidareføring.
- Statoil skal overta oppgåver som innkjøp og vedlikehald, oppgåver som Saga Fjordbase i dag driv for Snorre-lisensen. Det vert viktig å sjå til at Statoil si oppbygging i Florø vert reell, slik at ikkje oppgåver berre vert slusa inn i eksisterande system i Bergen.

4.1 Ny satsing – innspel frå Flora kommune

Frå Flora kommune har det kome innspel om eit samarbeidsprosjekt mellom Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om å utvikle eit strategisk olje- og gassdokument. I samband med arbeidet med iverksetjing av fylkesplanen er det sett i gang ein prosess "Frå plan til handling". Det er sett ned 7 arbeidsgrupper som skal konkretisere mål, strategiar og venta resultat innanfor dei 7 satsingsområda i planen. Strategiar for olje og gass er industrigruppa sitt ansvarsområde. Innspelet frå Flora kommune vert derfor sendt over til denne gruppa.

4.2 Ny satsing – innspel frå næringslivet

Frå næringslivet er det kome innspel om å etablere eit utval med følgjande mandat: Arbeide for å styrke industriell utnytting av olje- og gassressursane i Sogn og Fjordane. Utvalet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan olje- og gassektoren og ha særleg fokus på:

- Feltutbyggingar
- Ilandføring

- Industriell utnytting av gass på land
- Florø som drifts- og baseby
- Konesjonsrundar

Næringslivet ser føre seg eit "ekspertutval", gjerne eit utval av personar med røter/bindingar til fylket, som har erfaring frå og kontaktnett i næringa, i tillegg til dei politiske representantane.

4.3 Kva gjer dei andre stader?

Innspelet frå Flora kommune legg vekt på utvikling av ei politisk plattform og kunnskapsutvikling i samband med dette, medan innspelet frå næringslivet er meir retta inn mot å knyte ekspertkunnskap til arbeidet.

I ei vurdering av ulike modellar kan det vere tenleg å sjå på kva dei gjer andre stader. Her vert det peika på arbeidet i høvesvis Hordaland og Møre og Romsdal.

4.4 Modell for arbeidet i Hordaland

I Hordaland er arbeidet organisert gjennom Hordaland Olje og Gass (HOG). HOG i si noverande form vart skipa i januar 2003, då Hordaland Olje- og Gasser, Petroleumsrådet og Vestlandsrøyret vart slegne saman. HOG skal saman med andre arbeide for å styrke industriell utnytting av naturressursane på norsk sokkel til verdiskaping med utgangspunkt i Hordaland.

HOG er ein medlemsorganisasjon. Medlem kan vere fylkeskommunar, kommunar og ei kvar privat og offentleg verksemd. Representantskapen er HOG sitt øvste organ og består av representantar for medlemene (etter kontingentskala). Fylkesordføraren leiar representantskapen.

Styret skal ha 5 – 7 medlemmer valde frå kommunar, organisasjonar, forvaltning, næringsliv, undervisning og forskning. Administrasjonen arbeider etter retningslinjer frå styret. Det er for tida fire tilsette i HOG. Fylkeskommunen yter inntil vidare kontorplass.

4.5 Modell for arbeidet i Møre og Romsdal

I Møre og Romsdal er arbeidet organisert gjennom Møre og Romsdal Petroleumsråd (MRP). I tillegg har dei Møre Gassforum (stort sett same medlemmer) som særleg ser på bruk av gass i regionen. MRP vart oppretta medio 2003, etter modell av arbeidet med prosjektet "Ormen til Møre". Rådet skal vere ein pådrivar og tilretteleggar for at naturressursane på midtnorsk sokkel skal gje verdiskaping i Møre og Romsdal. Rådet fattar ikkje politiske vedtak, men gjev råd til fylkeskommune og kommunar. Rådet er også fylket sitt ansikt ut når det gjeld kontakt med oljeselskap, styresmakter og andre.

Medlemene i MRP er fylkeskommunen (fylkesordførar og leiar i nærings- og miljøutvalet) og kommunar med spesiell fokus på olje og gass (Aukra, Aure og Kristiansund deltek med sine ordførarar). Næringslivet deltek med representantar frå NHO (regiondirektør) og LO (distriktssekretær). Fylkeskommunen står for dagleg drift. Medlemene er oppmoda om å ta med administrative ressursar på møta, og dette oppnar for samarbeid på administrativt nivå.

Representasjonen i MRP er topptung, og dette gjer det utfordrande å lage ein møteplan. Det er difor etablert eit arbeidsutval der leiar, nestleiar og sekretær deltek. Den tunge formelle representasjonen har ei plusside ved at rådet lettare får innpass hjå oljeselskap, styresmakter, m.m.

4.6 Modellvurdering i Sogn og Fjordane perspektiv

Eit petroleumsutval vil vere gunstig ved at fleire får petroleum som definert fokusområde. Eit slikt utval bør involverast i aktuelle prosessar der olje og gass inngår, og ein kan derav sikre ein felles overordna logikk for arbeidet. Eit utval må utformast slik at det vert oppfatta å ha integritet, samstundes som ein legg til rette for effektive liner med omsyn til informasjonstilfang med meir. Både i Hordaland og i Møre og Romsdal er det etablert overordna retningsliner som gjev utvala legitimitet og integritet.

HOG-modellen er spanande då den involverer næringa tungt. Modellen kan vere krevjande å gjennomføre i Sogn og Fjordane, då fylket manglar tunge miljø i næringa med ansvar og fullmakter og som ønskjer utvikling i fylket.

MRP-modellen er i prinsippet lettare å innføre. Legitimiteten til utvalet vil vere gitt då samansettinga er definert av politisk posisjon eller organisatorisk representasjon. Her er ikkje ekspertar involvert, og ekspertise må utviklast blant medlemene. Dette er ein skuleringsjobb som vil ta tid, og det er spørsmål om ein har mykje tid i forhold til dei krevjande utfordringar som ligg rett framfor oss.

Ein kombinasjon av MRP-modellen, med islett av ekspertkunnskap, vil kunne vere eit kompromiss, der ein kombinerer politisk tyngde med nettverk og kunnskap frå næringa. Kor vidt ekspertdelen skal ha formell posisjon i utvalet, eller knytast til utvalet etter behov, vert ei avveging. I tilrådinga er det lagt til grunn at ekspertisen / fagfolka inngår i utvalet på line med andre representantar.

5. Konklusjon/framlegg til organisering

Fylkesrådmannen rår til at den modellen som vart fremja for HPN i sak 7/05, med eit utval på fem medlemmer, der to er frå fylkeskommunen, ein er frå kommunane, og to har bakgrunn frå næringa, vert vald ved skiping av permanent Petroleumsråd.